



HJELMELAND  
KOMMUNE



# Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

HJELMELAND KOMMUNE  
2021 - 2024

VEDTEKEN I KOMMUNESTYRET, SAK 022/21



## Innhald

1. Bakgrunn .....	2
«Du ser det ikkje før du trur det» .....	2
Barn som opplev vald .....	3
2. Formål.....	4
3. Vald i nære relasjonar – omgrep og førekomst .....	5
3.1. Avgrensing .....	5
3.2. Former for vald.....	5
3.3. Omfang av vald i nære relasjonar .....	6
4. Mål og tiltak.....	7
4.1. Mål.....	7
4.2. Tiltak .....	7
4.2.1. Tiltak – synleggjering av vald i nære relasjonar som ei folkehelseutfordring.....	7
4.2.2. Tiltak – førebygging av vald i nære relasjonar .....	7
4.2.3. Tiltak – hjelp og beskyttelse til ofre for vald i nære relasjonar .....	8
4.2.4. Tiltak – hjelp og behandling til valdsutøvaren .....	8
5. Aktuelle hjelpeinstansar .....	9
Meir informasjon.....	9
TILTAJKSKORT 1 - BARN .....	10
Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot barn? .....	10
TILTAJKSKORT 2 – UNGDOM .....	12
Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot ungdom? .....	12
TILTAJKSKORT 3 - VAKSNE .....	14
Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot vaksne? .....	14
TILTAJKSKORT 4 – ELDRE .....	16
Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot eldre?.....	16
TILTAJKSKORT 5 – MENNESKE MED FUNKSJONSNEDESETTINGAR .....	17
Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot menneske med funksjonsnedsettingar? .....	17
RETTLEIING FOR DOKUMENTASJON.....	18

# 1. Bakgrunn

«Du ser det ikkje før du trur det»

Førebygging av vald i nære relasjonar er eit viktig nasjonalt satsingsområde. Denne type vald har eit betydeleg omfang, og er ei alvorleg samfunns- og folkehelseutfordring.

Vald kan ha mange former, til dømes fysisk, psykisk, seksuell, materiell, økonomisk og digital. Den rammar også på tvers av alder, samfunnslag og livssituasjon. Personar som opplever vald kan få store helseskadar, og dei kan oppleve manglande tryggleik og begrensingar i måten dei ynskjer å leva på.

Me veit at vald i nære relasjonar også oppstår i Hjelmeland kommune, og det er viktig å førebyggja og setja i verk tiltak mot dette. I denne handlingsplanen vil me gjera det enklare for dei som arbeidar med menneske i kommunen å få kunnskap om korleis vald rammar, korleis dei kan avdekke vald og kva ein skal gjera dersom ein er i kontakt med nokon som er utsette for vald.

Menneske som er avhengige av andre, særleg barn, eldre og personar med funksjonsnedsettingar, har auka risiko for å vera utsette for vald. Tilsette som treff desse menneska har difor eit særskilt ansvar for å vera merksame og gripa inn når det trengs. Dersom ein får informasjon som tilseier at nokon kan vera utsette for vald i nære relasjonar er det vår plikt å handle. Plikta til å handle er i enkelte tilfelle lovpålagt, som meldeplikt og avvergingsplikt.



## **Avvergingsplikt**

Ein person som veit eller meiner at det mest sannsynleg føregår eller har føregått straffbare handlingar, eller at ei slik handling vil skje, har avvergingsplikt etter § 196 i Straffeloven. Denne plikta har alle, uansett om dei er offentleg tilsette eller privatpersonar.

Avvergingsplikta gjeld fleire alvorlege straffbare handlingar, mellom anna mishandling i nære relasjonar og alvorlege kroppskrenkelsar. Denne plikta gjeld sjølv om du i utgangspunktet har teieplikt. Du kan avverge slike handlingar ved å varsle politi, barnevern eller på annan måte forhindre at handlinga skjer.

Dersom du er i tvil om avvergingsplikta gjeld kan du kontakta din nærmaste leiar, og drøfte ( gjerne anonymt) med politi eller barnevern.

## Barn som opplev vald

Vald kan ramme barn, men den kan også ramme barnet sin omsorgsperson. Barn har eit særleg vern mot vald, og alle offentlege instansar er lovpålagt å melde bekymring til barnevernet.

Dersom du har mistanke om at barn vert utsette for vald frå foreldre/føresette, **skal du ikkje informere foreldre/dei føresette** om dette, og du skal heller ikkje informere dei om at det vert sendt melding til barnevernet. Dette er for å unngå ny eller alvorlegare vald mot barnet, eller at barnet blir instruert til å ikkje fortelje noko til andre.



### Meldeplikt

Offentlege myndigheiter skal på eige initiativ, og sjølv om dei har teieplikt, gje opplysningar til kommunen si barnevernsteneste når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller vert utsett for andre former for alvorleg omsorgssvikt. Dette står mellom anna i barnevernlova, helsepersonellova, opplæringslova og barnehagelova.

At du har «grunn til å tru» betyr at du har noko meir enn ein magefølelse, men det er ingen krav til bevis. Det kan vera indikasjonar som gjev grunn til bekymring, til dømes noko barnet seier eller gjer. Det er barnevernet si oppgåve å undersøke om det er grunn til å vera bekymra.

Dersom du er i tvil om meldeplikta gjeld kan du kontakta din nærmaste leiar, og drøfte ( gjerne anonymt) med politi eller barnevern.

## 2. Formål

Formålet med handlingsplanen er mellom anna:

- Auka kunnskap om vald i nære relasjonar
- Auka samhandlingskompetanse
- Betre oversikt over teneste- og hjelpeapparatet, slik at kommunen og andre kan setja inn rett tiltak for å nå målsetjingane
- At valdsutsette vert fanga opp så snart som høveleg, slik at dei får hjelp og bistand av eit samordna, tverrfagleg tenesteapparat
- Betre oppfølging og bistand til utøvarar av vald
- At det er enkelt å få oversikt over og kontakte aktuelle hjelpeinstansar



### 3. Vald i nære relasjonar – omgrep og førekomst

#### 3.1. Avgrensing

Handlingsplanen omfattar vald i nære relasjonar og vert avgrensa til:

- Vald mot partner eller tidlegare partner
- Vald mot barn frå omsorgspersonar, slekt og vener
- Barn som lever med eller er vitne til vald i familien
- Barn og unge – vald mot andre barn og unge
- Familievald – vald mot foreldre eller søsken
- Familievald – vald mot personar i familien som har nedsett funksjonsevne
- Eldre som vert utsette for vald frå partner, barn, barnebarn eller andre nære familiemedlemmar
- Æresrelatert vald
- Tvangsekteskap
- Kjønnsslemlesting

#### 3.2. Former for vald

**Truslar:** Redusere handlingsrom, avskrekke, skremme, hindre, truslar om bruk av vald, truslar om bruk av vald mot tredjeperson (barn, nære relasjonar), truslar om drap og/eller sjølv mord, og liknande.

**Fysisk vald:** Halde, dytte, riste, klype, slå, sparke, bruke våpen, drepe, og liknande.

**Seksuell vald:** Trakassere, krenke, presse nokon til å utføre seksuelle handlingar, incest, valdtekt, seksuell tortur, og liknande.

**Materiell vald:** Slå inn dører, vegger eller vinduer, kaste og rasere inventar, knuse eller øydelegge gjenstandar, rive i stykkar klede, og liknande.

**Psykisk vald:** Skade, skremme, krenke, styre eller dominere andre, degradere, audmjuke, kontrollere, isolere, vera utagerande sjalu, og liknande. Krenkande åtferd gjennom sosiale media fell også inn under dette omgrepet.

**Økonomisk vald:** Forhindre rådigheit over eigen økonomi, nekte tilgang til bankkonto, forhindre å ha inntekt slik at han/ho vert pressa til å måtte be om pengar, tvinge nokon til å underskrive på lån, og liknande.

**Digital vald:** Trakasserande og stygge meldingar posta på nett eller sendt på mobil, truslar eller tvang om spreiding av bilete og filmar, overvaking og kontroll via mobil eller sosiale media, å verta eksponert for eit seksualisert språk eller å få tilsendt bilete og filmar med eit seksualisert eller valdeleg innhald, å bli pressa til å gjere seksuelle handlingar framføre eit web- eller mobilkamera, som posering, stripping, beføling og samleieliknande handlingar, bytte og sal av seksuelle tenestar, seksuelle overgrep, og liknande.

**Æresrelatert vald:** Patriark/matriark som initierer og utøver fysisk og/eller psykisk vald mot familiemedlemmar med ære som begrunnelse. Tvangsekteskap og kjønnsslemlesting fell også inn under dette omgrepet.



### 3.3. Omfang av vald i nære relasjonar

Det er vanskeleg å fastslå omfanget av vald i nære relasjonar, mellom anna fordi definisjonen og forståinga av kva det inneber endrar seg over tid. I følgje ei studie om ungdommar si erfaring med vald og overgrep i oppveksten (UEVO-studien) gjort av Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) i 2019, veit me at mange opplever vald frå ein vaksen i heimen minst ein gong i løpet av oppveksten. I følgje ei anna studie om vald og overgrep mot barn og unge, kor ein såg på omfang og utviklingstrekk i 2007 og 2015 (NOVA rapport 5/16), tyder det på at dei fleste av overgrepa jenter opplever i tenåra vert gjennomført av jamnaldrande eller noko eldre gutar, medan dei fleste overgrepa i barndommen enten vert gjennomført av vaksne eller yngre ungdommar og barn. Den same studia syner også at «venn/venninne, kjæreste eller bekjent» oftast var utøver av seksuelle krenkelsar, både når gutar var ofre og når jenter var ofre. Samanlikna med 2007 var denne andelen mykje større i 2015.

Ei kunnskapsoppsummering om seksuelle overgrep mot barn og unge via digitale media, gjennomført av NOVA (rapport 3/21), set fokus på eit viktig tema i dagens samfunn. Det er ei utfordring at digitale media bidreg til at både rollar og innhald vert blanda på ein felles arena. Unge har mykje av sin kommunikasjon med både kjente og ukjente på digitale media, og det er dermed naturleg at seksuell utforsking blir ein del av unge sitt digitale liv. Tidlegare skjedde dette samspelet i hovudsak med jamnaldrande, men no har vaksne fått ein mogleg tilgong til å delta i denne utforskinga. I tillegg vert samtalar om til dømes skule, venskap og fritid blanda med samtalar om seksualitet på ein felles arena. Dette kan bidra til uklære grenser både i kommunikasjonen mellom jamnaldrande og mellom vaksne og mindreårige.

I tillegg er mørketala generelt sett store når det gjeld vald og overgrep, spesielt blant innvandrargrupper. Her er tradisjonen for varsling låg. Kultur, religion og tradisjon påverkar dette, i tillegg til frykta for å skada familien si ære.

Ei studie gjort av Sandvik, M. m.fl: *The Voices of Young Sexual Offenders in Norway: A Qualitative Study*, set fokus på viktige område når det gjeld å førebyggja vald og overgrep. Det må tas i betraktning at dette er ei kvalitativ studie, men den peikar likevel på viktige tema. Det er gjort djupneintervju med ni ungdommar om seksuelle overgrep dei er dømt for mot mindreårige, mens dei sjølv var i alderen 15 til 20 år. Om lag halvparten av desse gutane er av innvandrarbakgrunn, og ein av desse forklarte at der han kom frå kunne jenter bli gift når dei var 13 år gamle. Eit typisk utsagn var: «Jeg har aldri hatt opplæring om sex eller lovverk på skolen, og jeg forsto ikke forskjellen på lovlige og ulovlige seksuelle aktiviteter». Eit anna moment som kom fram i denne studia var at ingen av ungdommane som vart intervjuja tenkte på at det dei gjorde var eit overgrep. Dette fordi dei ikkje brukte truslar eller makt for å få mindreårige til å delta. Alle hevda at denne type handlingar må omtalast som ulovleg seksuell aktivitet mot mindreårige, i plassen for seksuell vald og overgrep. Sjølv om dette er ei lita studie som må tolkast med varsemd, set den fokus på at seksuell aktivitet mellom barn og unge er eit område kor det kan vera utfordrande å forstå og tolka grenser for dei involverte.

Ein kan oppsummera med at vald i nære relasjonar er omfattande og det er mange ulike aspekt å ta omsyn til, både når det gjeld førebygging, oppfølging og behandling.

## 4. Mål og tiltak

### 4.1. Mål

- Vald i nære relasjonar skal synleggjerast som ei folkehelseutfordring.
- Vald i nære relasjonar skal førebyggjast gjennom kunnskap, opplysning og haldningsendring.
- Ofre for vald i nære relasjonar skal sikrast naudsynt hjelp og beskyttelse.
- Opparbeide fenomenkunnskap kring rusrelatert og æresrelatert vald.
- Valdsutøvaren skal få naudsynt hjelp og behandling.

### 4.2. Tiltak

#### 4.2.1. Tiltak – synleggjering av vald i nære relasjonar som ei folkehelseutfordring

- **Informasjon om vald i nære relasjonar retta mot alle innbyggjarar i Hjelmeland kommune**  
Informasjon om Hjelmeland kommune sin plan mot vald i nære relasjonar gjennom sosiale media, på heimesida, og liknande.
- **Informasjon retta mot innbyggjargrupper med auka sårbarheit**  
Informasjon i møte med fagpersonar eller fagmiljø, til dømes lege, helsestasjon, avd. for psykisk helse, barnevern, barnehage, skule, NAV og politi.
- **Informasjon retta mot tilsette og fagmiljø**  
Informasjon og auka kunnskap gjennom deltaking i fagnettverk, kurs, opplæring, osb.

#### 4.2.2. Tiltak – førebygging av vald i nære relasjonar

Definisjonar/omgrep	
<b>Primærførebygging:</b>	Førebyggjande innsats mot heile befolkninga eller store befolkningsgrupper.
<b>Sekundærførebygging:</b>	Førebyggjande tiltak retta mot avgrensa risikogrupper.
<b>Tertiærførebygging:</b>	Tiltak retta mot personar og grupper som allereie har utvikla eit problem med sikte på å begrense konsekvensane, hindre forverring og snu utvikling.

#### Generelle tiltak:

- Undervisning og kunnskapsformidling om korleis innbyggjarar og fagmiljø kan førebyggja vald
- Behandling og hjelpetiltak som førebyggjande tiltak

#### Tiltak i Hjelmeland kommune:

- Vald i nære relasjonar skal vera tema i barnehagane og skulane årleg
  - førebyggjande tiltak retta mot barn i barnehage og skule
- Vald i nære relasjonar skal vera årleg tema i foreldresamarbeidet i skule/barnehage
  - førebyggjande tiltak retta mot foreldregruppa
- Vald i nære relasjonar skal vera tema i samtale med barn og/eller foreldre på helsestasjon



- Vald i nære relasjonar skal vera tema på personalmøter i heimetenestane
- Aktuelle tilsette i Hjelmeland kommune skal få auka kunnskap og kompetanse om behandling, aktivitetar og andre tiltak som er eller kan vera førebyggjande i møte med risikoutsette personar og grupper. Dette gjeld både valdsutøvar og ofre:
  - kommunikasjon og åtferd
  - nettverk
  - arbeid
  - fysisk aktivitet og fritidsaktivitet
- Gode rutiner for samhandling mellom fagmiljø ved mistanke om uheldig åtferd eller vald

#### 4.2.3. Tiltak – hjelp og beskyttelse til ofre for vald i nære relasjonar

- Innbyggjarar i Hjelmeland kommune skal ha tilgjengeleg oversikt over hjelpetilbod, hovudsakleg gjennom [www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no).
- Tilsette i Hjelmeland kommune skal kjenne eigen rolle og eige ansvar. Aktuelle tilsette skal ha god kjennskap til hjelpetiltak og oppfølging.
- Ha gode og kjente prosedyrar i henhald til lovverk for å sende bekymringsmelding til barnevern.
- Ha gode og kjente prosedyrar for henvendingar og varslingar til politiet.
- Valdsutsette skal få rett hjelp til rett tid.

#### 4.2.4. Tiltak – hjelp og behandling til valdsutøveren

- Kommunehelsetenesta skal følge opp valdsutøveren, ofte i samarbeid med helseføretak/2. linjetenesta, politi og/eller andre fagmiljø.

## 5. Aktuelle hjelpeinstansar

### Hjelmeland kommune barnevernstenesta

Telefon 51 75 00 00, tasteval 3

Telefon einingsleiar barnevern: 40 43 90 55

[Send sikker post til barnevernstenesta](#)

Nettside: [www.hjelmeland.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/barnevern/](http://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/barnevern/)

### Barnevernsvakta (ved behov for kontakt utanom opningstid)

Telefon: 51 89 91 67 eller 51 89 90 00

Nettside: [www.barnevernvakten.no](http://www.barnevernvakten.no)

### Alarmtelefon barn og ungdom

Telefon: 116111

Nettside: [www.116111.no](http://www.116111.no)

### Legevakta/Voldtekstmottaket

Telefon: 116117

Nettside til legevakta:

[www.helsenorge.no/hjelpetilbud-i-kommunene/legevakt/](http://www.helsenorge.no/hjelpetilbud-i-kommunene/legevakt/)

Nettside til voldtekstmottaket:

[www.stavanger.kommune.no/helse-og-omsorg/legevakten/voldtekstmottak/](http://www.stavanger.kommune.no/helse-og-omsorg/legevakten/voldtekstmottak/)

### Politi

Telefon sentralbord: 02800

Nettside: [www.politiet.no](http://www.politiet.no)

Telefon sentralbord Sør-vest politidistrikt/Søre Ryfylke lensmannskontor: 51 89 90 00

E-post: [post.sor-vest@politiet.no](mailto:post.sor-vest@politiet.no)

Telefon politikontakt: 93 02 13 56

E-post til politikontakt: [jostein.flatebo@politiet.no](mailto:jostein.flatebo@politiet.no)

### Konsultasjonsteamet for vold og seksuelle overgrep (samarbeid med Strand kommune)

Telefon: 51 74 21 92 eller 40 03 75 44

### Krisesenteret i Stavanger

Telefonnummer for kvinner som treng hjelp: 51 53 06 23

Telefonnummer for menn som treng hjelp: 51 53 22 27

Nettside: [www.stavanger.kommune.no/helse-og-omsorg/krisesenteret-i-stavanger/](http://www.stavanger.kommune.no/helse-og-omsorg/krisesenteret-i-stavanger/)

E-post: [ksis@stavanger.kommune.no](mailto:ksis@stavanger.kommune.no)

### Vern for eldre – nasjonal kontakttelefon

Telefon: 800 30 196

Nettside: [www.vernforeldre.no](http://www.vernforeldre.no)

Meir informasjon

- [www.dinutvei.no](http://www.dinutvei.no) - Nasjonal vegvisar på internett ved vald og overgrep
- [www.rvts.no](http://www.rvts.no) - RVTS (Ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging)

## TILTAKSKORT 1 - BARN

Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot barn?

- **Fysisk teikn som kan tyde på seksuelle overgrep eller vald:**
  - Sår, avrive hår, blåmerke, kloremerke eller hevelsar.
  - Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar eller bein.
  - Merker etter slag, å ha blitt holdt hardt på overarm eller lår, osb.
  - Skadar fleire stader på kroppen og skadar som er grodd i varierende grad.
  - Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smertar, osb.
  - Svimling, søvnevanskar og vanskar i høve til mat.
  - Seksualisert åtferd
  - Utfordringar kring urin og avføring
- **Andre teikn:**
  - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen, osb.
  - Tilbaketrekking, vanskar i det sosiale samspelet og konsentrasjonsvanskar.
  - Ver særleg obs på tydeleg endring i åtferd over tid.

***Merk at dette ikkje er ei uttømmende liste, berre moglege teikn!***

• «Ta imot» det som blir sagt med varme og omsorg. Forklar barnet at du gjerne vil høyre meir, og at du vil notere ned det barnet seier, fordi du vil hjelpe barnet etterpå (ta i betraktning barnet sin alder og utvikling). Skriv ned det du observerer/det som blir sagt på ein så objektiv måte som mogleg. Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde. Lag ein konkret avtale for kva tid du skal snakke meir med barnet, dersom det ikkje er mogleg å ta det der og då.

*Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale.*

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som også kjenner barnet, men informer aller helst barnet om kvifor du gjer dette. Borna merkar fort om andre har fått informasjon om det dei har fortalt, då dei vaksne gjerne nyttar andre ord og oppfører seg annleis etterpå. Situasjonen følast tryggare og du får meir tillit hjå barnet om du fortel kva du vil gjera etter samtalen.
- **Informer leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal du kontakte barneverntenesta.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
  - Alle tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å melde i frå. Det vert her vist til meldeplikta og opplysningsplikta til barnevernet.
- **I dei tilfella kor det er knytt uvisse til om barnet kan vere utsett for overgrep frå foreldre/føresette/søsken/stesøsken, skal det IKKJE takast kontakt med foreldre/føresette.**
- Ved akutte situasjonar kor det er grunn til å tru at barn har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med barneverntenesta/leiar.

**Definisjon akutt:** Ein situasjon som oppstår, kor det er uforsvarleg å sende barnet heim etter at barnehage-/skuledagen er slutt, eller kor det er heilt naudsynt å handle der og då for beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av barneverntenesta.

- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg handlingsplan der det er klart for alle i eininga kven som skal gjera kva i høve til saka.

## TILTAKSKORT 2 – UNGDOM

Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot ungdom?

- **Fysisk teikn som kan tyde på seksuelle overgrep eller vald:**
  - Sår, avrive hår, blåmerke, kloremerke eller hevelsar.
  - Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar eller bein.
  - Merker etter slag, å ha blitt holdt hardt på overarm eller lår, osb.
  - Skadar fleire stader på kroppen og skadar som er grodd i varierende grad.
  - Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smertar, osb.
  - Svimling, søvnevanskar og vanskar i høve til mat.
  - Seksualisert åtferd
  - Utfordringar kring urin og avføring
  - **Andre teikn:**
    - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen, osb.
    - Tilbaketrekking, vanskar i det sosiale samspelet og konsentrasjonsvanskar.
    - Ver særleg obs på tydeleg endring i åtferd over tid.

**Merk at dette ikkje er ei uttømmende liste, berre moglege teikn!**

• **«Ta imot» det som blir sagt med varme og omsorg. Forklar ungdommen at du gjerne vil høyre meir, og at du vil notere ned det han/ho seier, fordi du vil hjelpe etterpå.** Skriv ned det du observerer/det som blir sagt på ein så objektiv måte som mogleg. Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde. Lag ein konkret avtale for kva tid du skal snakke meir med ungdommen, dersom det ikkje er mogleg å ta det der og då.

*Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale.*

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som også kjenner ungdommen, men informer aller helst ungdommen sjølv om kvifor du gjer dette. Han/ho merkar fort om andre har fått informasjon om det som er fortalt, då dei vaksne gjerne nyttar andre ord og oppfører seg annleis etterpå. Situasjonen følast tryggare og du får meir tillit hjå ungdommen om du fortel kva du vil gjera etter samtalen.
- **Informer leiar** om mistanken.
- **Ved seksuell omgang mellom ungdom som er likeverdige/over seksuell lågaldre**, kor ungdommen er usikker på om det har skjedd eit overgrep, må ein avklare kva behov ungdommen har. Henvi vedkommande vidare til den eininga som best kan hjelpe vedkommande vidare, til dømes fastlege, helsesjukepleiar eller avd. for psykisk helse.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal du kontakte barneverntenesta.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
  - Alle tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å melde i frå. Det vert her vist til meldeplikta og opplysningsplikta til barnevernet.
- **I dei tilfella kor det er knytt uvisse til om ungdommen kan vere utsett for overgrep frå foreldre/føresette/søsken/stesøsken, skal det IKKJE takast kontakt med foreldre/føresette.**

- Ved akutte situasjonar kor det er grunn til å tru at ungdom har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med barneverntenesta/leiar.

**Definisjon akutt:** Ein situasjon som oppstår, kor det er uforsvarleg å sende ungdommen heim etter at skuledagen er slutt, eller kor det er heilt naudsynt å handle der og då for beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av barneverntenesta.

- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg handlingsplan der det er klart for alle i eininga kven som skal gjera kva i høve til saka.



## TILTAKSKORT 3 - VAKSNE

Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot vaksne?

- **Fysisk teikn som kan tyde på seksuelle overgrep eller vald:**
  - Sår, avrive hår, blåmerke (særleg på hals), kloremerke, hevelsar.
  - Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar.
  - Skadar fleire stader på kroppen og skadar som er grodd i varierende grad.
  - Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smertar.
  - Svimmel, søvn- og spiseforstyrningar.
  - **Andre teikn:**
    - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen, osv.
    - Tydeleg endring i åtferd over tid.
- **Signal som kan vere teikn på vald:**
  - Hyppige sjukmeldingar, hyppige legebesøk, ofte med diffuse symptom.
  - Avtalar vert endra eller kansellert, personen har vanskeleg for å komme ifrå heime.
  - Personen motset seg hjelp som krev innsyn i familien/par-relasjonen.
  - Personen er stadig blakk.
  - Personen kjem sjeldan til avtalar, ektefelle/partnar er ofte med.
  - Auka bruk av legemidlar eller alkohol.
  - Knuste eigedeler, hol i dørar og veggjar (ved heimebesøk)

- **Våg å spørje;**

**Innleiing til samtale:** «Mange eg treff i jobbsamanheng har vore utsett for vald eller truslar om vald frå partner eller familie. Eg har oppdaga at mange ikkje veit at dei kan snakke med meg om dette, og difor har eg begynt å spørje alle;

- Korleis er dette for deg?
- Har du vore i eit forhold der du har følt deg redd eller trua?
- Har partnaren din nokon gong skada deg?»

**Døme på spørsmål om fysisk vald:**

- Vert du slått, lugga, haldt fast, brent, dytta?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?

**Døme på spørsmål om psykisk vald:**

- Vert du audmjuka, krenka, trua eller latterleggjort?
- Føler du deg lite verdt? Føler du deg redd?
- Har den du bur med vanskar med å kontrollere sinnet, vert personen sint og oppfarande?
- Vert du kontrollert av andre? Disponerer du eigne pengar?

**Døme på spørsmål om barn:**

- Er barnet/barna ditt trygt/trygge?
- Er du redd barnet/barna kan bli skada?
- Kor er barnet/barna ved konfliktrar?

- «Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei at det var bra vedkommande sa frå om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av

vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.

*Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale.*

- **Bli enige om/informer om kva som skal skje vidare:**
    - Oppfordre personen til å snakke med politiet sjølv, gjerne saman med nokon han/ho er trygg på.
    - Fortel om avvergingsplikta alle personar har, kor ein er plikta til å avverge alvorlege straffbare handlingar, mellom anna mishandling i nære relasjonar og alvorlege kroppskrenkelsar.
    - Dersom personen ikkje vil ha hjelp, informer om at du er plikta til å melde frå til politiet og at du vil gjere det.
  - **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som også kjenner vedkommande.
  - **Informer leiar** om mistanken/saka.
  - **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, eventuelt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
    - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.
    - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.
  - **Bekymringsmelding til barnevernet dersom det er barn i husstanden.**
  - Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med politiet.
- Definisjon akutt:** Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.
- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg plan der det er klart for alle i eininga kven som skal gjera kva i høve til saka.
  - Formidle kontakt med krisesenter dersom ynskjeleg.

## TILTAKSKORT 4 – ELDRE

Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot eldre?

- **Fysisk teikn som kan tyde på seksuelle overgrep eller vald:**
  - Sår, avrive hår, blåmerke (særleg på hals), kløremerke, hevelsar.
  - Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar.
  - Skadar fleire stader på kroppen og skadar som er grodd i varierende grad.
  - Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smertar.
  - Svimling, søvn- og spiseforstyrningar.
- **Andre teikn:**
  - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen, osb.
  - Tydeleg endring i åtfærd over tid.
- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei at det var bra vedkommande sa frå om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen.** Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.

*Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale.*

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som også kjenner vedkommande.
- **Informér leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, eventuelt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
  - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.
  - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller det er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med politiet.

**Definisjon akutt:** Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.

- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg handlingsplan der det er klart for alle i eininga kven som skal gjera kva i høve til saka.
- Kontakt eventuelt **Vern for eldre**, Nasjonal kontakttelefon 800 30 196

## TILTAKSKORT 5 – MENNESKE MED FUNKSJONSNEDESETTINGAR

Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot meneske med funksjonsnedsettingar?

- **Fysisk teikn som kan tyde på seksuelle overgrep eller vald:**
  - Sår, avrive hår, blåmerke (særleg på hals), kloremerke, hevelsar.
  - Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar.
  - Skadar fleire stader på kroppen og skadar som er grodd i varierende grad.
  - Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smertar.
  - Svimling, søvn- og spiseforstyrningar.
  - **Andre teikn:**
    - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen, osb.
    - Tydeleg endring i åtfærd over tid.
- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei at det var bra vedkommande sa frå om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen.** Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.

*Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale.*

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som også kjenner vedkommande.
- **Informér leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, eventuelt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
  - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.
  - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller det er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tek ein direkte kontakt med politiet.

**Definisjon akutt:** Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.

- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg handlingsplan der det er klart for alle i eininga kven som skal gjera kva i høve til saka.

## RETTLEIING FOR DOKUMENTASJON

Dette er ei rettleiing til korleis ein skriftleg kan dokumentera informasjon ein tilsett/leiar får om vald eller seksuelle overgrep. Det kan vere viktig å ha skriftleggjort mistanken/observasjonar for å setje ord på eigne vurderingar, samt nyttig i kontakt med eventuelt politi/barnevern/rettsapparat.

Skriv ned ei detaljert skildring av kva som gjorde at du vart bekymra for at personen kan ha vore utsett for seksuelle overgrep eller vald.

- 1) Kva var det som først gjorde deg bekymra for at nokon kan vere utsett for seksuelle overgrep eller vald?
  - Kva skjedde?
  - Var det noko vedkommande sa? (Beskriv det ordrett, om mogleg.)
  - Kva gjorde vedkommande? (Konkret beskriving av åtferd.)
  - Korleis var kroppsspråket/ansiktsuttrykket?
  - Fysiske teikn? (Såg du til dømes blåmerke? Prøv å sjå meir av kroppen – ver kreativ.)
- 2) Når skjedde det?
- 3) Kor skjedde det?
- 4) Var det andre til stades?
- 5) Skildre situasjonen i forkant av hendinga/samtalen?
- 6) Korleis reagerte du (eventuelt andre) på det vedkommande sa/gjorde?
  - Kva sa du til vedkommande?
  - Kva gjorde du heilt konkret?
- 7) Har du snakka med vedkommande om dette før/seinare?
- 8) Kven er informert om uroa di?
- 9) Kva gjer du vidare?